



Kinn Arbeidarparti

Dagsorden årsmøte 2022

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og saksliste
3. Konstituering
 - a) Val av ordstyrar
 - b) Val av sekretær
 - c) Val av to til å skrive under protokollen
4. Årsmelding 2021
5. Arbeidsplan Kinn Arbeidarparti 2022
6. Reknskap 2021, budsjett 2022 og revisors beretning
7. Politiske uttaler
8. Val
9. Innkomne saker
10. Gjest Amund Vik, Statssekretær hos Olje- og energidepartementet innleier til debatt om ny grønn industriutviklingen og tilgang på energi.
11. Politisk debatt
12. Avslutning

Sak 6. Politiske uttaler:

Desse uttalane er meldt inn til årsmøte:

Florø Arbeidarlag:

Få offshore vind til land!

Kinn Arbeidarparti krev at Hywind Tampen vert kopla til sentralnettet ved Grov i Kinn kommune på eksisterande 420 kV linje.

Grunngjeving:

I plan for utbygging og drift av Snorre Expansion 2017 (SEP) vurderte ein elektrifisering av Snorre A, B og C frå Grov rett aust for Florø. Der konkluderte ein med at elektrifisering ikkje var lønsamt.

Under planlegging av 420 KV linja gjennom tidlegare Flora kommune vurderte ein påkoplingpunkt ved Grov, men dette vart lagt vekk.

Hywind Tampen skal i snart stå ferdig og produksjonen derifrå må tilknyttast land. Det vil sikre 100% elektrifisering av Snorre A og B, samt Gullfaks A, B og C. Ein vil og kunne gjere utbygging av Dugong, Peon, Garantiana mfl. med store klimakutt.

Med kabel til land vil ein kunne bygge fleire vindturbinar på Tampen og kraft vil gradvis kunne nyttast til landindustri når olje og gass vert fasa ut. Dette vil igjen skape rom for kraftkrevjande industri.

Lokalt i Florø-området vil ein trafostasjon ved Grov gje lokalt næringsliv tilgang til store kraftmengder.

Tidlegare Sogn og Fjordane produserer om lag 3000 MW kraft og brukar 1000 MW. Kraftoverskotet her gjev kortreist kraft og den vil ikkje fortrenge anna industri eller gje energiknappleik og dyrare straum.

Handsaming: Styret støtter uttalen og føreslår den oversendt til årsmøte i Vestland AP

Staten må finansiere hurtigbåtpilot

Vestland fylke har vedteke at ein vil realisere ein hurtigbåt på hydrogen mellom Florø og Selje. Kinn Ap meiner staten må ta rekninga for å utvikle hurtigbåtar med hydrogen som energiberar der denne piloten er den første.

Grunngjeving:

I utviklinga av nullutslepps farty i maritim sektor har ein kome langt særleg på ferje. Hurtigbåtar ligg etter. Hydrogen som energiberar er igang for ferjer både i Rogaland og i nytt anbod på Vestfjorden, begge er finansiert av staten. Staten har ingen hurtigbåtruter, noko som betyr at det er fylka som må ta risikoen. Kinn Ap meiner staten må ta denne rekninga. Hurdalsplattformen peiker på at hydrogen skal vere eit satsingsområde og ein er òg tydeleg på at fylka skal kompensera for meirkostnader for lav- og nullutsleppsteknologi. Innan 2025 skal alle hurtigbåtanbod vere nullutsleppsløysingar. Difor hastar det med å få på plass piloten.

Handsaming: Styret støtter uttalen og føreslår den oversendt til årsmøte i Vestland AP

Rettferdig takstsystem

Fergene/kombibåtene i Florø må få samme takstsystem som ferger i resten av landet.

Grunngjeving:

Fergene/kombibåtene er viktige og helt nødvendige for bosettingen og næringslivet på øyene utenfor Florø. På 6 av øyene er det bygget fergelemmer for enkel i land- og ombordkjøring av biler. Før det kom kombibåter på rutene, var båtene det som da ble kalt hurtigbåter, og takstregimet ble deretter. Senere er båtene oppgradert til kombibåter, altså ferger som egner seg for farvannet de trafikkerer i. Takstregimet fra hurtigbåt ble videreført, men etter hvert med at biler og bilførere ble underlagt fergetakstsystemet. Altså 2 takstsystemer på samme fartøy.

Det er på høy tid at det blir et felles takstsystem på fergene, altså fergetakst. Siden fergene hovedsakelig anløper øyer uten fastlandsforbindelse, vil det, som andre øyer, være gratis for passasjerene, og taksten for biler følger det samme regimet som resten av landet.

For øyene vil et slikt regime være svært positivt, da både med hensyn til bosetting og industri.

Forhåpentligvis vil det også gi et nytt giv til øyene.

Det kan ikke være slik at hvordan fergene blir bygget, om det f.eks. er gjennomkjøring for biler eller ikke, som skal definere takstene. En ferge er en ferge.

Handsaming: Styret støtter uttalen og føreslår den oversendt til årsmøte i Vestland AP

Psykisk helse blant born og unge

Florø Arbeiderlag meiner at utfordringane med psykisk helse hjå born og unge må vere eit særskilt politisk innsatsområde for Arbeiderpartiet dei neste åra.

God livskvalitet blant born og unge vaksne er særskilt viktig for å legge godt tiltrette for produktive og fullverdige liv i eit stadig meir krevjande og komplisert samfunn. Difor er det viktig med satsing på lavterskeltilbod ute i kommunane samstundes med ei styrking av spesialisthelsetenestene for slik å aktivt nå ut til dei born og unge som sliter med lette psykisk plager og sjukdom, men og til dei som slit med alvorlege lidningar og deira pårørande.

Vi i Florø Arbeidarlag ynskjer:

- Ei styrking av kapasiteten og kvaliteten i det psykiske helevernet slik at dei sjukaste og mest utsatte pasientane får rask og god hjelp.
- Eit auka fokus på utvikling av lavterskeltilbodet ute i kommunane og målretta informasjonskampanjar mot born og unge.
- Auke tilgjengelegheita av skulehelsetenesta, og innføring av ei nasjonal bemanningsnorm for denne. Tidleg innsats redder liv.
- Ei styrking av investeringane i digital ungdomshelse som når ut til ungdom på alle plattformer og kor dei møter kvalifisert helsepersonell.

Handsaming: Styret støtter uttalen og føreslår den oversendt til årsmøte i Vestland AP

Vågsøy Arbeidarlag:

Boligpolitiskplan – et rammeverk

«Bolig for folk flest»

Å kjøpe bolig er for folk flest den største investeringen en gjør i et liv.

Hittil har boligutviklingen i Nordre Kinn vært overlatt til private utbyggere/utviklere.

Skal kommunen i framtida være attraktiv for alle:

- med ulik sivil status

- med ulik økonomisk situasjon
- ulike aldersgrupper

er det viktig at det i kommunen er en variert boligmasse, til leie eller å eie for folk flest og til en pris de kan makte. (j.fr. sykepleie indeksen) Særlig viktig er det å sikre en boligmasse for alle med lønn under kr. 600 000(gjennomsnittlig årslønn) eller mellom 400 000-600 000 (inntektsnivået til folk flest). Husbankstøtte og andre kommunale støtteordninger er ikke tilstrekkelig og lite forutsigbart.

En boligpolitikk plan kan sikre:

- at boligutbyggingen er i samsvar med andre kommunale planer (areal, miljø, skole etc.)
- at utbyggingen skjer der det er ønskelig
- at den/kommunen legger til rette for å sikre boligbehovet til ulike aldersgrupper og familiesammensetning unge etablerere, enslige, eldre etc. uten at disse må ta en høy risiko eller lånefinansiere «over pipa».

En bolig politisk plan være et godt styringsdokument for kommunal forvaltning og et dokument nye og gamle innbyggerne/boligsøkende/boligutviklere kan og bør forholde seg til.

Handsaming: Styret støtter uttalen og føreslår den oversendt til kommunestyregruppa i Kinn AP